

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

John Marøy  
Grindheimsvegen 205  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8052 - 20/20919

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
23.04.2020

## Registrert avvik på septiktank - gbnr. 428/50

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 428/50  
**Tiltakshavar:** John Marøy

Alver kommune har den 07.04.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 07.04.2020 vart registrert lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, med adresse Radøyvegen 2420, 5937 Bøvågen. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureinsingslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 20.06.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre tilhøvet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureinsingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når tilstanden er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

John Marøy

Grindheimsvegen 205

5936

MANGER